

# FØRJULSTID i Geiranger

# VELKOMEN

## Kjære kunde

Hjarteleg velkommen til Hotel Union. Kvar fredag og laurdag frå 18. november til 17. desember byr vi på vårt tradisjonelle og populære julebord med stor og bugnande buffet med eit rikt utval av både varme og kalde retter.



Foto: Tone Molnes

Ønskjer du å samle gjengen til ein felles aktivitet under opphaldet? På hotellet tilbyr vi vinsmaking med ein av dei dyktige sommelierane våre, aperitiff og historieforteljing i veteranbilgarasjen eller ro og avslapping i Union Bad & Spa. Eller kva med ei yogaøkt i tårnet med spektakulær utsikt over fjell og fjord? Vi har fleire dyktige yogainstruktørar i teamet vårt og tilbyr timer for grupper på førespurnad samt faste yogatimar for alle gjester 2 timer per veke. I denne brosjyra har vi samla nokre tips til aktivitetar både på hotellet og ellers i bygda.

*Monja og Sindre Mjelva*

4. generasjons vertskap



Foto: Tone Molnes



Foto: Tone Molnes

# GEIRANGER

Den perfekte stad å samlast?

Geiranger er ei sjarmerande lita bygd, og det er korte avstandar mellom dei ulike aktivitetane og opplevingane. Dette gjer det også lettare å halde deltakarane samla under heile opphaldet.

Geiranger er van til å handtere både små og store grupper med utfordrande logistikk, og dei ulike aktørane har stor kapasitet når det gjeld utstyr og anna.

Bygda har ei rekke spennande aktivitetar og opplevingar å by på, og ikkje minst så vil vi trekke fram nærheita til naturen som ein stor fordel. Rett utanfor hotelldøra finn ein flotte tilrettelagte turstiar som er godt merka. Ein liten tur ut i frisk luft etter fleire timer i møte gjer underverker for kroppen!

Vinteren er spesielt vakker, med snødekte fjell og frosne fossar, og ein får bygda nesten heilt for seg sjølv!



Foto: Tone Molnes

## VERDIVAL FOR MAT OG DRIKKE

Vi på Hotel Union i Geiranger legg sjela vår i å gi deg den aller beste mat og drikke opplevinga gjennom valga våre. Vi vel til ei kvar tid dei beste råvarene som sesongen byr på frå området vårt og kombinerar desse med smakar frå fjern og nærliggende. Vinkelnerane våre set saman vinpakkar og drikkeanbefalingar og dei har til ein kvar tid pulsen på kva som er drikkeklart og tilgjengeleg no. Vi verdsetter tradisjon og innovasjon i tankesettet vårt slik at du som gjest skal kunne lene deg tilbake og nyte kjende smakar samtidig som du blir tatt med på nye opplevingar.

Etter eit godt måltid inviterer vi opp til dans i underetasjen:

**Dans til levande musikk:**

- 18. – 19. november: Dans med «Joyride band»
- 25. - 26. november: Dans med «Joyride band»
- 2. – 3. desember: Dans med «Listen to the band»
- 9. – 10. desember: Dans med «Listen to the band»
- 16. – 17. desember: Dans med «Joyride band»





## Julens store meny

Amuse Bouche  
Hummar brioche

Steinsopp cappuccino suppe  
Steinsopp, jordskokk og steinsopp crisp

Bakt torsk i nøttesmør crust  
Lauk veloute, potetperler, prosciuttosmular

Andebryst steikt med varme krydder  
PX sjy, graskarpuré, grøne kålvekster

Kraftkar og stiltonost  
Frukt focaccia, pæremarmelade

Sjokolade delice og pistasj macaron  
Kirsebær, kirsebærsorbet, bakte kvit sjokoladesmuler

Små konfekter  
Petit fours



## Unions store julebordsbuffet

### Vinpakke

Sauvignon Blanc 2021- The Project  
Western Cape, Sør-Afrika

Château de Crain Bordeaux Supérieur  
2016, Bordeaux Frankrike

Regina di Felicita Vino Moscato  
Spumante Barrichi

Vinpakke 3 glas  
kr. 415,-

Velkommen til vårt tradisjonelle og populære  
julebord med stor og bugnande buffet med eit  
rikt utval av både varme og kalde retter. Her finn  
du alle dei tradisjonelle smakane som vi forbinder  
med jula, men og nye og moderne smakar.

Pris per person kr. 870,-

## Julens smaksmeny

Fredag 11. november, 18. november og  
9. desember set kjøkkenteamet vårt saman ein  
5-7 retters smaksmeny med innslag frå fjern og  
nær to fredagar under julebordspérioda. Vi forenar  
moderne og tradisjonelle smakar og tanker med  
gode råvarer frå sjø og land. Menyen blir bygd  
opp med fisk, skaldyr, vilt, oster og søte saker til  
ein heilaftens meny. Vinkelnerane våre lagar til  
vinpakkar som passar perfekt til maten der den  
eine er eit tradisjonelt val og den andre utfordrar  
med nye tankar.

### Vinpakke

Cremant de Bourgogne- Mikulski Frankrike

Riesling trocken 2021- Stefan Winther,  
Rheinhessen Tyskland

Sancerre AOC 2019- Domaine Vacheron,  
Loire Frankrike

Crozes-Hermitage Cap Nord 2018-  
Laurent Combier, Rhône Frankrike

Bernkasteler Badstube Riesling Kab 2020-  
Joh. Jos Prum

Birbet Brachetto d'Aqui 2019- Marco Porello

kr. 895,-  
*Med forbehold om endringar*





## Julemeny i midtveke

Ønskjer du å samle firmaet eller leiagrupsa til ei juleavslutning i midtveke før jul så byr vi på julemat også i midtveke frå 14. november. Vel mellom ein meir tradisjonell 3 retters julemeny med kjende smakar eller "Julens store meny" 5-7 retter med ein meir morderne vri og nye smakar (Sjå forrige side).

Menypris frå kr. 795,- per person

**Julesmaker**

**På fjøla**  
*Sennepssild, kryddergraven laks, leverpostei, rugbrød*

—

**Pinnekjøt og pølse**  
*med kålrotmos og mandelpoteter*

*eller*

**Lutefisk av torsk med baconfett,**  
*pure på grøne erter, sennepssaus og mandelpoteter*

—

**Julesmakar**

*Karamellpudding med fløytekrem, riskrem med bringebær og kransekakesmuler, multe craquelin*




## Afternoon tea

I førjulstida serverer vi Afternoon tea i salongen. Du kan lene deg godt tilbake i ei av sitjegruppene og nyte. Kjøkkenteamet vårt har satt saman ein tradisjonell Afternoon Tea med små søte og salte munnfuller, som gir ein smak av tradisjon og moderne tankar. Vi nyttar dei beste råvarene etter sesong for å gi ei smakfull og tilbaketilt oppleving. For å toppe det heile serverer vi te frå vår utvalgte produsent eller kaffi for den som ønskjer det. Til dei minste som ikkje drikk te eller kaffi serverer vi heimelaga bærsaft.

**Pris per person kr. 475,-**  
Prisen inkl. kaffi (alle sortar) og te

**Pris per person kr. 550,-**  
Prisen inkl. kaffi, te og musserande



## Union Bad & Spa

Innimellan møter og aktivitetar kan det vere godt å kunne trekke seg litt tilbake og nyte litt eigentid i Union Bad & Spa. Besøk vår 1500 kvm store velværeavdeling. Inngang i Union Bad er inkludert i opphaldet. Her finn du innandørs basseng, sauna og eit oppvarma utandørs terapibasseng som held 32°. Inngang i Union Spa kostar ekstra. Her finn du eit sauna-område med mellom anna opplevingsdusjar og japansk varmebad, ei relaxavdeling med store og romslege stover. Der kan du lene deg godt tilbake i godstolen og nyte ein god kopp te eller kaffi, og litt frukt. I spa får du også servert spafrukost, ein enkel kontinental frukost. Unn deg ei velgjerande behandling med ein av våre dyktige terapeutar. Vi tilbyr både massasje, ansiktsbehandlingar, m.m. Spameny finn du på nettsidene våre.

Inngang spa kr. 400,- per person. [Sjå film frå Union Spa](#)

Foto: Tone Molnes



Foto: Tone Molnes

## Yoga i Tårnet

På hotellet har vi eigne yogainstruktørar og eit flott yogarom i tårnet i 5. etasje. Vi tilbyr faste yogatimar for alle hotellgjester 3 gongar per veke til kr. 100,- per person. Tirsdagar kl. 19.30, torsdagar kl. 16.30 og søndagar kl. 8.30. I tillegg tilbyr vi private timar for grupper på førespurnad. Ta eit avbrekk frå lange møtedagar med ein avslappende yogatime eller start dagen med morgenyoga. Ta kontakt med [spa@hotelunion.no](mailto:spa@hotelunion.no) for å bestille privat time for grupper.

Pris frå kr. 100 per person



Foto: Tone Molnes

## Saunarituale

Saunaritalet er eit rituale der vi tek deg med på ei varm reise i saunaen vår med utsikt opp mot fjella. Terapeuten brukar eteriske oljar og lagar varm damp i rommet. Dette for å auke blodsirkulasjon og sette i gang ein renseleie av kropp og sjel. Hjarteleg velkommen til 15 herlige minutt saman med oss. Kontakt spa-resepsjonen for meir informasjon.

Inkludert i inngang Union Spa



Foto: Tone Molnes



## Mollaløa

Mollaløa er ei gammal, rustikk løe som står i hotellhagen. Her kan de få ei stemningsfull matoppleveling i særegne omgivnadar. Dette er den perfekte staden å samlast til middag for mindre grupper, då lokalet er heilt avskjerma frå resten av hotellet. Hotellet stiller med eige team av servitørar og kokkar som tek seg av dykk heile kvelden.

**Pris frå kr. 1200,- + lokalleige**

[Sjå film frå Mollaløa](#)



Foto: Frank Stenersen



## Lokale tradisjonar "Kønnjøl og neip"

Her får du presentert den lokale, tradisjonelle måten å tilberede pinnekjøt på i Sunnmørs-traktene før i tida. Smaksopplevelinga blir forsterka med servering av lokalt bryggja øl og historiefortelling. Ei oppleveling under open himmel.

**Pris per person kr. 375,-**





Foto: Frank Stenersen

## Aperitiff og historiefortelling

Geiranger har ei spennande reiselivshistorie. Mange av bilane som vart nytta for å vise turistane rundt i Geiranger på 1920- og 1930-talet, finn du i dagens samling i veteranbilgarasjen vår. Ønskjer du ei uhøgtidleg samling før middagen kan vi anbefale å samlast i veteranbilgarasjen for litt lokalhistorie og noko godt i glaset.

**Pris per person kr. 195,-**

**Aperitiff vinsmaking kr. 595,- pr. pers**

[\*\*Sjå film frå Veteranbilgarasjen\*\*](#)



Foto: Tone Molnes



Foto: Frank Stenersen

## Vinsmaking

Hotellet har eigen vinkjeller med ei samling på over 500 vinflasker. Vi tilbyr vinsmaking for grupper med ein av våre dyktige sommelierer. Her får du lære meir om ulike typar vin, om dei ulike druetypane og litt om korleis vi skal oppbevare og servere vinen. Du kan velge mellom vinsmaking for nybyrjarar eller for vidarekomne. Utvalet av vinar vil variere og vi tilpassar etter ønskje frå gjesten.

### Introduksjon

Egna for 8 til 24 personar

kr. 595,- per pers.

Minstepris kr. 4500,-.

Varigheit ca 1 time.

### Kjellarsmaking

Egna for 8 til 24 personar


kr. 890,- per pers.

Minstepris kr. 7500,-.


Varigheit ca 1-1,5 time.

Våre  
samarbeids-  
partnarar

Aktivitetar og  
opplevelingar



## Rattkjelke og truger



### Finn fram barnet i deg

Når forholda ligg til rette for det med isdekkje på vegen låner hotellet ut rattkjelkar. Her i Geiranger har vi tradisjonar for å gå opp til Flydalsjuvet og ake heile vegen ned til hotellet igjen med rattkjelke. Ein svært morosam aktivitet som verkeleg hentar fram barnet i deg!

Norsk Fjordsenter leiger ut truger og akebrett til den som ønskjer det. For fleire tips til vinteraktivitetar i Geiranger sjå <https://www.geirangerfjord.no/go-viking-in-geiranger>



## RIB Geiranger



### Tett på naturen

Opplev Geirangefjorden i full fart og frisk sjøsprøyte – ei altoppslukande oppleving av Geirangerfjorden på nærhald. Med open, hurtiggåande RIB-båt kjem du nærmere den fantastiske naturen enn du trur er mogleg. Kontrasten er stor mellom sommar og vinter, frå store brusande fossefall om sommaren, til frosne fossar og stillheit om vinteren. Du får utdelt ei varmedrakt slik at du held deg god og varm under heile turen.

Våre  
samarbeids-  
partnarar

Aktivitetar og  
opplevelingar



Foto: Tone Molnes

## Fossevandring



Foto: Tone Molnes



Foto: Tone Molnes

### Kom tett på fossen

Gå den spektakulære fossevandringa som startar rett ved hotellet og går langs fossen heile vegen ned til sentrum. Flotte utkikkspunkt undervegs.

Ønskjer du å kombinere turen med litt ny kunnskap? Norsk Fjordsenter tilbyr guida tur i Fossevandringa. Her får du meir informasjon om korleis vasskraftene har forma landskapet, om planter og dyr som lever nær elva og lokale historie om dei to kraftverka langs elva.

Våre  
samarbeids-  
partnarar

Aktivitetar og  
opplevelingar



# Norsk Fjordsenter



## Besøkssenter verdsarv

Norsk Fjordsenter er eit levande besøks- og formidlingscenter for verdsarven Vestnorsk fjordlandskap – det einaste området i landet som står på den prestisjetunge verdsarvlista til UNESCO på grunn av naturverdiane.

## Våre samarbeids- partnarar

Aktivitetar og  
opplevelingar



Foto: Hyke Studio

# Fjord Ranger



Foto: Hyke Studio



Foto: Hyke Studio



**Geirangerfjorden  
verdsarv**

## Kontaktinformasjon:

[www.fjordsenter.com](http://www.fjordsenter.com)  
[booking@fjordsenter.com](mailto:booking@fjordsenter.com)  
+47 70 26 38 10

Foto: Norsk Fjordsenter

## Lær noko nytt

Skreddarsydd utandørs aktivitetsprogram for interaktiv læring, utforskning og lagarbeid. Er du nysgjerrig på fjordlandskapet og dei som bur her? Bli med fjordrangeren vår på ei reise i tid. Sjå korleis isbreane og elvane har forma landskapet. Lær meir om mangfaldet av dyr og planter i verdsarvområdet, og om det skjøre biologiske samspelet. Gjennom lagarbeid og enkle aktivitetar er du med og byggjer din eigen, vesle fjordgard-bygning, og du får eit innblikk i korleis menneska har overlevd i dette vakre, men ville fjordlandskapet.



**Geirangerfjorden  
verdsarv**

Aktivitetar og  
opplevelingar

Våre  
samarbeids-  
partnarar



## Uteguiden



### Skreddarsydde opplevingar

Uteguiden AS er det leiande guide firmaet i Sunnmørsalpene. Dei tilbyr eit breidt spekter av opplevingar året rundt.

#### Vinter/Vår:

- Toppturar på ski
- Trugetur
- Snørafting
- Langrennssi
- Lagkonkurransar



### Våre samarbeids-partnarar

Aktivitetar og opplevingar



### Opplevingar for alle

DID skreddersyr sportslige aktivitetar med utgangspunkt i ferdighetene til gruppa di. Meistring og sikkerheit er regel nr. 1 og akturen fra Dalsnibba vil du aldri glemme. I samarbeid med DID Adventure lager vi et opplegg alle kan være med på.

## DID Adventure



### Kontaktinformasjon:

[www.didadventure.no](http://www.didadventure.no)  
did@didadventure.no  
+47 900 56 876

Foto: DID Adventure



### Våre samarbeids-partnarar

Aktivitetar og opplevingar



## Vinter fjordcruise



### 3 fjordar 3 timar

Kva med å ta fjordvegen inn til Geiranger? Frå november til mai tilbyr Geiranger Fjord-service guida turar frå Ålesund til Geiranger. Pakken inkluderar:

- Fjord Ranger som guide ombord
- Lunsj og snacks
- Busstur til Flydalsjuvet
- Inngang Norsk Fjordsenter
- Fossevandring

Pris frå kr. 990,- per person  
T/r frå kr. 1980,- per person

Våre  
samarbeids-  
partnarar

Transport



## Brasserie Posten



### Koseleg restaurant i sentrum

Brasserie Posten er ein koseleg liten restaurant midt i sentrum av Geiranger. Dei serverer mat laga frå grunnen av med fokus på norske og lokale råvarer. 30 sitteplassar inne, og 80 sitteplassar ute, med utsikt mot fjorden og mot den gamle naustrekka.

### Kontaktinformasjon:

[www.brasserieposten.no](http://www.brasserieposten.no)  
vellagamat@brasserieposten.no  
702 61 306

Foto: Brasserie Posten



Geirangerfjorden  
verdsarv



BRASSERIE  
POSTEN  
GEIRANGER

Våre  
samarbeids-  
partnarar

Mat & drikke



## Våre samarbeids-partnarar

Mat & drikke

# Geiranger Bryggeri



## Lokalt handverksøl

Geiranger har lange ølbryggings-tradisjonar, og i 2014 starta ein gjeng kompisar Geiranger Bryggeri. Dei har etterkvar markert seg godt i ølverda, med fleire terningkast 6 i øltestar i store aviser og magasin. Smak ølet medan du får ei omvisning på bryggeriet og ei innføring i ølbryggingsmetoden. Kanskje får du også høre nokre av historiene bak dei spesielle namna på dei ulike øla, Store - Kniven, Bølga, Vikingstøa, osv.



## Kontaktinformasjon:

[www.geirangerbryggeri.no](http://www.geirangerbryggeri.no)  
info@geirangerbryggeri.no

Foto: Geiranger Bryggeri



Foto: Rune Hagen

# Møllstunet



Foto: Rune Hagen

## Ei reise tilbake i tid

Møllstunet er eit freda klyngetun frå 1600-talet. Her får du ei unik moglegheit til å sjå korleis nordmenn levde for 100 år sidan. Her har tida stått stille. Eigarane Anette og Willy ønsker velkommen til gards og fortel om tunet, gamle tradisjonar og lokal historie.



## Kontaktinformasjon:

[www.geirangerfjord.no/farm-besok](http://www.geirangerfjord.no/farm-besok)  
booking@geirangerfjord.no  
+47 70 26 30 07

**Mølls tunet**

## Våre samarbeids-partnarar

Aktivitetar og opplevingar



Foto: Tone Molnes

## Konferanse

Våre lokaler passar til alle arrangement, små og store. Som arrangør får du ein kontaktperson som tek hand om den praktiske førebuinga og hjelper deg med innhaldet i ditt program, det være seg kongressar, kurs, feiringar, utstillingar og intime selskap. Kontaktpersonen vil alltid være tilgjengelig - både før og under sjølve arrangementet. I vårt businessenter har vi sjølv sagt alle nødvendige kontorfasilitetar, fibernett og 4G.

### Geirangersalen

Geirangersalen er vår største festsal; perfekt til store kongressar, konferansar og bryllaup. Heve- og senkescena har stor fleksibilitet og byr på mange moglegheiter. Takhøgda i salen er 5,5 meter, og panoramavindu slepp inn mykje lys og natur.

Deltakrar:

**160 - 600**



### Buick

Buick er perfekt om du ønskjer ein mellomstor sal til arrangementet ditt. Salen kan delast i to, og passar ypparleg som presserom og sekretariat ved større kongressar.

Deltakrar:

**36 - 140**



### Cadillac

Cadillac gir dei rette rammene for møter eller mindre samlingar. Salen har teppelagt golv og eigen veranda.

Deltakrar:

**50 - 70**



### Nash

Nash kan til dømes bli brukt som møterom for opp til 26 personar, eller som grupperom til 10 personar, ved å dele salen i to.

Deltakrar:

**4 - 26**





Våre  
samarbeids-  
partnarar

Transport



## Heilårsferge Hellesylt - Geiranger



### Ei reise fjordvegen

Visste du at ferga mellom Hellesylt og Geiranger går kvar dag heile året? Og i perioden 1. november - 30. april så er det vanlege autopass takstar på ruta.

### Kontaktinformasjon:

[www.fjord1.no](http://www.fjord1.no)



Våre  
samarbeids-  
partnarar

Transport

## Geiranger Turbuss



Transport

Vår samarbeidspartner Geiranger Turbuss hjelper deg med organisering av transport, enten det er skyss til og fra Geiranger, eller transport ut på aktivitetar. Lokalkjende sjåførar og god service.

Kontaktinformasjon:

[www.geirangerturbuss.no](http://www.geirangerturbuss.no)  
[info@geirangertaxi.no](mailto:info@geirangertaxi.no)  
+47 98 85 97 88  
+47 98 24 18 28

Foto: Geiranger Turbuss



Våre  
samarbeids-  
partnarar

Transport

## Geiranger Fjordservice



Kontaktinformasjon:

[www.geirangerfjord.no](http://www.geirangerfjord.no)  
[booking@geirangerfjord.no](mailto:booking@geirangerfjord.no)  
+47 70 26 30 07

Foto: Geiranger Fjordservice



Geirangerfjorden  
verdsarv



Booking

[www.hotelunion.no](http://www.hotelunion.no)

+47 70 26 83 00

[booking@hotelunion.no](mailto:booking@hotelunion.no)